



Justis- og beredskapsdepartementet

e-post: postmottak@jd.dep.no

Vår ref.
13/873/X30/BJRU/70258815

Dykkar ref.

Dato:
30.09.2013

Uttale frå Norddal formannskap - Høyring: Eitt politi - rusta til å møte framtidens utfordringar

Norddal kommune viser til Justis- og beredskapsdepartementets høringsbrev av 21.06.2013 og NOU 2013:9 Ett Politi – Rustet til å møte fremtidens utfordringer.

Norddal kommune er godt nøgd med at det no er lagt fram ein grundig gjennomgang av korleis norsk politi er organisert og med moglege løysingar.

Norddal kommune meiner det bør bli større politidistrikt og då inndelt etter fylkesgrensene. Samstundes må andre naud- og redningsetatar og ha same geografiske grenser. Ein tenkjer her mellom anna på 110 og 113 sentralane. Samstundes er det ein føresetnad at lokalpolitiet vert styrka. I dette ligg det naturlegvis og at ambisjonen om fleire polititenestemenn pr. innbyggjar vert oppfylt.

Norddal kommune vil samstundes peike på at så vel topografi som sesongvariasjonar på behov for nettopp politi i delar av fylket (ein tenkjer her særleg på reiselivet) gir særlege utfordringar blant anna i vår kommune som den nye organiseringa må ta inn over seg.

Med helsing

Bjørn Inge Ruset
ordførar

Bente Klakken Osvik
konsulent
etter fullmakt